



## Referat

### Underutval for pleie- og omsorg

Dato og tidspunkt:	Tysdag 22 september 2020 kl. 10.00 – 11.30
Møtestad:	Skype-møte
Møteleiar:	Madeleine Braastad Skjelde
Til stade:	Elfrid R. Oma (Kvam), Sissel Marie Finne (Voss sjukehus), Ruth Veen Tveito (Voss sjukehus), Anita Sævild (Vaksdal), Madeleine Braastad Skjelde (Voss sjukehus), Siw Marlene Bolstad (Ulvik)
Fråfall utan vara:	Magnhild Grønningsæter (Voss), Gunn Sandvik (Eidfjord),
Referent:	Elfrid Romsås Oma

Nr.	Saksliste	Sakstype (Vedtak Drøfting Orientering)	Vedlegg
7/20	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner innkalling og saksliste med innmeldte saker 22.09.20</i>	V	
8/20	<b>Godkjenning av referat frå møte i underutvalet den 11 februar 2020</b>  <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner referatet frå møte 11.02.20</i>	V	
9/20	<b>Samarbeid/ samhandling om inn- og utskriving av pasienter mellom kommunene og Voss sjukehus etter avtale</b>		

	<p>Grunna coronapandemien har det ikkje vore møte i underutvalet sidan 11.02.20.</p> <p>Det er framleis utfordringar med utskrivningsklare pasientar til kommunane, men det er ikkje like stort press som tidlegare.</p> <p>Det er kommunen sjølv som skal vurdera kva nivå ein utskrivningsklar pasient skal ha. Sjukehuset beskriv tilstanden og kommunen avgjer kva nivå dei meiner er rett. Ein omsorgsbustad med heildøgns omsorg har til dømes eit mykje høgare omsorgsnivå enn ein vanleg omsorgsbustad.</p> <p>Kommunane er blitt flinkare til å skriva statusrapport ved innlegging i sjukehus, men kan bli flinkare.</p> <p>Det er ynskjeleg at sjukehuset melder «snarleg utskriving» i stade for «utskriving neste dag».</p> <p>Testing av pasient for Covid-19 må dokumenterast i melding.</p> <p>Ulvik opplever at meldingar frå sjukehuset sendes til sakshandsamar i staden for til sjukepleiarstenesta. Sjukehuset vil retta opp i dette.</p>		
10/20	<p><b>Aktuelle driftsendringer i kommunane/ sjukehuset som kan få konsekvensar for samhandlinga</b></p> <p><b>Ulvik;</b> Omsorgstunet blir ferdig som planlagt. Ulvik har ei skjerma og ei somatisk sjukeheimsavdeling med totalt 22 senger og heimesjukepleie. Det er ein leiar for alle avdelingane som rapporterer til komunalsjef. Det blir endra organisering i løpet av hausten.</p> <p><b>Vaksdal;</b> Har hatt coronasmitte blant dei tilsette og mangel på personell i karantenetida. Ynskje frå politisk nivå om å sjå på tenestane. Agenda Kaupang er inne for å kartleggja. Har teke i bruk e-lås til brukarane. Vaksdal arbeider førebyggjande for å hindra at brukarane vert innlagt på sjukehus. Dette er eit arbeid som tek tid. Det var utfordringar i vinter med å ta imot utskrivningsklare pasientar. Har 16 korttidsplassar men nokre ventar på ledig langtidsplass. Nyttar 2-mannsrom.</p> <p><b>Kvam;</b> Har stort sett klart å ta imot utskrivningsklare pasientar. Ny organisering er gjennomført men det tek tid «å gå seg til». Arbeider med delprosjekt i tenesteutvikling i dei ulike tenestene. Målet er å styrke heimetenesta slik at folk kan bu lengre heime. På sikt vil kanskje fleire utskrivningsklare pasientar reisa heim med god oppfølging frå heimetenesta.</p>	D	

	<p>Skal starta opp med prosjekt i «akuttmedisin og eldre» der heile pleie og omsorgstenesta skal styrkast fagleg.</p> <p><b>Voss sjukehus;</b>  Få sjuke tilsette med corona, nokon i karantene. Mange heime med forkjøling og covid-test så det er meir fråver enn vanleg.  Har kontroll med kven som kjem inn på sjukehuset men har opne dører på dagtid.  Nye areal for medisinsk poliklinikk vart opna etter påske.  Gjennomføring av div. medisinske konsultasjoner, kurbehandling og anna.  Sjukehuset planlegg for normal drift framover.  Konseptutgreiing med tanke på utbygging og ombygging.  Sjukehuset skal gjennomføra kurs i kommunikasjon, «fire gode vaner- grunnkurs i klinisk kommunikasjon». Betre kommunikasjon mellom helsearbeidarar, pasientar og samarbeidspartnarar. Kurset er starta opp på Medisinsk avdeling og skal etter hvert utvidast til å gjelda alle avdelingar.</p>		
11/20	<p><b>Oppsummering av hospitering mellom kommunane og sjukehuset</b></p> <p>Sjukehuset må prioritera å ta imot studentar og lærlingar i helsefag. Hospitering må venta dersom det ikkje er noko spesielt ein treng opplæring i. Kommunane melder tilbake til sjukehuset hvis det er spesielle utfordringer knyttet til pasientoppfølginga dei trenger opplæring eller vegleiing i.</p> <p>Det er likevel starta ein prosess internt i kommunane i forhold til kartlegging av faglig kompetanse, og kva for faglig område ein ynskjer å bli styrka i. Mest sannsynlig vil det bli gitt økonomisk støtte fra Samarbeidsrådet slik som tidligere.</p>	D/O	

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert **24.11.20**